

Årsmøte i Uskedal Vassverk SA

03.05.2016



Eikeelva.

Styret i Uskedal Vassverk kallar inn til årsmøte. Det vert halde i Uskedal skule onsdag 11.mai kl.19.30. Som vanleg vert det dei faste årsmøtesakene med årsmelding frå styret og rekneskap. I tillegg vert det val av styre, valnemnd og revisor. Forutan posten ymse vert det også ei spennande sak kalla Mogeleg vatn frå Tverrelva kraftutbyggjing.

Under boringa av tunnelen til Tverrelva kraftverk er det kome fram betydelege vassmengder. Dette er så omfattande at det er svært interessant å få belyst som vasskjelde. Det er allereie tatt prøvar av vatnet, og vatnet viser seg å ha svært god kvalitet. Det vert spennande å sjå kva som skjer framover i denne saka.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.